

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**  
**nasjonalparkstyre**

**Møtested:** Telefon

**Dato:** 10.06.2016

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall av arbeidsutvalsmedlemmer må meldes snarest på tlf. 947 89 126.  
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Mvh. Magnus Snøtun



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 6/2016	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Årleg transport av varer og avfall til Avdal gard - Stiftinga Avdal Gard		2016/3818
ST 7/2016	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Transport av material og utstyr til Skagastølsbu i samband med vedlikehald - DNT Oslo og Omegn		2016/3212
ST 8/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone til naturprogram - NRK v/ Geir Randby		2016/3640
ST 9/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Søknad om tillatelse til dronedeflyging Galdhøpiggen - Leif Kåre Lysåker		2016/4009

Arkivsaksnr: 2016/3818-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 02.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	6/2016	10.06.2016

## **Sak - Utladalen landskapsvernområde - Årleg transport av varer og avfall til Avdal gard - Stiftinga Avdal Gard**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter §3, 6,3f i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde løyve til årleg transport av lagringsvarer o.l. ein dag i mai-juni (inntil 3 hiv) og for nedtransport av avfall ein dag i septermber/ved sesongslutt (inntil 2 hiv) på følgjande vilkår:

- Løyvet for helikopterfrakt gjeld frå 2016 til og med hausten 2020.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilag dagar.
- Omfanget av helikopterbruk skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Seinast dagen før skal de gje melding til naturoppsyn Rigmor Solem (mobil 959 65 158).
- Helikoptertransport skal så langt det er praktisk mogleg samordnast med annan helikoptertransport i området som har løyve.
- Dato og talet på hiv skal kvart år rapporterast per mail til nasjonalparkforvaltar innan 1.november.

### **Saksopplysningar**

#### *Dokument i saka*

- Søknad om vidareføring av transportløyve av 11.05.2016, frå Stiftinga Avdal Gard v/ Petter Arnt Løvdahl.

#### *Søknaden skal handsamast etter*

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014

- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

### *Bakgrunn for søknaden*

Stiftinga Avdal Gard har i fleire år hatt ansvar for oppussing og drift av Avdal Gard. Bygningane vert nytta til ulike arrangement og overnatting for besøkande. Stiftinga har eit prinsipp om å bruke helikopter minst mogleg, men for å drive denne verksemda, treng dei transport av lagringsvarer opp om våren og boss og avfall til resirkulering ned om hausten.

Dei hadde løyve til fleire hiv tidlegare, men det var i samband med opprydding av gammalt avfall. Løyve som vart gjeve av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen i 2012 var tilpassa ordinær drift av Avdal gard og dette vert søkt vidareført.

### *Heimel*

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Motorferdsel med skuter og lågtflyging med helikopter er etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde forbode (§3, 6.1). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.*» (§3, 6.3f).

### **Vurdering**

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg. Det er kjende hekkelokalitetar for rovfugl i nedre Utladalen og det er viktig at transporten unngår dei brattaste skrentane på våren (§8 i nml.) For å unngå for mykje forstyrring skal helikopteret følgje direkteruta frå Hjelle og ikkje gå opp nabodalføre (§9 i nml.).

Det er stor aktivitet i Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark med blant anna fleire store turisthytter som har behov for motorisert ferdsel for å kunne drive si verksemd. DNT Oslo og Omegn konsentrer sin helikopterflyging til alle hyttene i området til ei veke i juni, om lag samtidig med transporten til Avdal Gard. Dette er utanom hovudsesongen for besøkande og denne konsentrerte transporten gjev mindre negativ påverknad (§10 i nml.). Bruk av helikopter er den mest fornuftige måte å transportere større mengder lagringsvarer til drifta i Avdalen grunna det bratte terrenget (§12 i nml.)

§ 11 i nml. om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar er ikkje relevant for denne saka.

Arkivsaksnr: 2016/3212-3

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 02.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	7/2016	10.06.2016

## Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Transport av material og utstyr til Skagastølsbu i samband med vedlikehald - DNT Oslo og Omegn

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 6.3 f), får DNT Oslo og Omegn dispensasjon for bruk av helikopter for transport av material og utstyr til Skagastølsbu. Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil til saman 15 hiv frå 01.juli til 30. september 2016 fordelt på tre periodar.
- SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no) skal varslast dagen før kvar av transportdagane slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 30. november.

### Saksopplysningar

#### *Dokument i saka*

- Søknad av 09.05.2016, frå DNT Oslo og Omegn v/Thomas With.

#### *Søknaden skal handsamast etter*

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

#### *Bakgrunn for søknaden*

Skagastølsbu vart bygd på Bandet øvst i Skagadalen under Store Skagastølstind i 1890. Bua har ein sentral plass i pionertida innan norsk klatrehistorie. På 1990-talet vart Skagastølsbu omdefinert som nødbu etter å ha vore sjølvbeteningshytte. Hytta er i dag eit nødskjul utan oppvarming, men med eit låst skap med nødutstyr.

Sjølve hytta ligg på fjell/steinur og det sig inn fuktigheit både under hytta og andre stadar. Det er gjort tiltak for å redusere fuktigheita i hytta, men ein har ikkje klart å løyse problemet ennå. Nå ønskjer DNT Oslo og Omegn å gjere eit nytt forsøk på å gjere hytta betre for besøkande og på den måten også ta vare på dette kulturminnet.

Riksantikvaren og ressurspersonar i DNT-miljøet har kome fram til eit prosjekt som involverer utskifting av alt innvendig og tiltak i botn. Målet er at dette skal sikre hytta for framtida, både som kulturminne og nødbu.

Til dette arbeidet er det behov for transport av utstyr og material inn og ut i fleire omgangar. DNT Oslo og Omegn søker derfor om løyve til transport med helikopter: «Vi søker med dette om inntil 15 turer på strekningen Oscarshaug – Skagastølsbu fordelt på 3 dager innanfor tidsrammen 1. juli til 9. september». Flyging er planlagt i starten av juli (4 hiv), i august (8 hiv) og september (3 hiv).

### *Heimel*

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Motorferdsel med skuter og lågtflyging med helikopter er etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark forbode (§3, 6.1). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.» (§3, 6.3f).

Formålet med opprettinga av Jotunheimen landskapsvernområde er:

*«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.»*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

## **Vurdering**

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg.

Motorferdsel med helikopter kan forstyrre fauna. Det mest sårbare er ofte rovfugl på reir, men også villrein. Vi kjenner ikkje til hekkelokalitet for rovfugl i nærleiken, men ut frå føre-var-prinsippet er det viktig å vise aktsemd, særleg første del av perioden. Hekkinga kan halde fram mot slutten av juli. Frå august reknar ein at hekkinga er ferdig. På denne tida av året har ungane reist frå hekkelokaliteten eller dei er i ferd med å avslutte hekkinga. Hovudtyngda av villreinflokken er på denne tida som regel ute på halvøya mellom Lustrafjorden og Årdalsfjorden. Nokre bukkeflokkar står ofte att i Hurrungane og desse kan bli forstyrra, men desse er mindre sårbare enn simlene. Effekten av motorferdsel mindre på denne tida av året (§8 i nml.).

Det er likevel viktig å vise omsyn til fauna og anna bruk av verneområdet, særleg første transporten. Andre turgåarar og brukarar er i området, men det er bra at transporten er konsentrert til tre transportdagar som er spreidd. Informasjon til andre brukarar som passerer tiltaksområdet er viktig for å skape forståing frå andre brukarar. Det er viktig å vise generelt omsyn (§§9 og 10 i nml.). Helikopter er den mest effektive og raskaste motoriserte transporten i bratt vestlandsterrang (§12 i nml.).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar» er ikkje relevant for denne saka.



Arkivsaksnr: 2016/3640-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	8/2016	10.06.2016

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone til naturprogram - NRK v/ Geir Randby

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, gjev Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av drone (elektrisk drive fjernstyrt luftfarty) for filmopptak til naturdokumentar om vassdrag, i tråd med søknad av 27.05.16 frå NRK v/ Geir Randby. Dispensasjonen gjeld for inntil 8 dagar i tidsrommet juni 2016 - november 2017 med følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til Gjendeområdet og Galdhøpiggmassivet
2. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngås.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding seinast dagen før kvar flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere opptaksområde, må spørsmålet diskuterast med nasjonalparkforvaltar i god tid før flyging.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 27.05.16 frå NRK v/ Geir Randby
- Spørsmål om tilleggsopplysningar, e-post av 01.06.16 frå forvaltar
- Tilleggsopplysningar i e-post av 01.06.16 frå Randby

Geir Randby, søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med opptak av dokumentarfilm om vassdrag for NRK 1. Opptak er planlagt i områda rundt Gjende og Galdhøpiggen i tidsrommet juni-oktober 2016. I søknaden er det gjort nærare greie for oppdraget:

*«Jeg jobber nå med et tv/nett prosjekt som har arbeidstittelen "Elva". Vedlagt følger en kort prosjektbeskrivelse. Tre av de seks episodene på 40 minutter handler helt eller delvis om naturen i Oppland. Prosjektet er et av NRK største satsninger noen gang på naturen i innlandet. Ambisjonene er å nå millioner av seere i Norge og i utlandet. Videoopptak fra drone er et av virkemidlene våre. - - - I perioden mai 2016 – november 2017 å få lov å fly med drone i Jotunheimen nasjonalpark. I følge manus er det spesielt områdene rundt Gjendevann og massivet rundt Galdhøpiggen vi skal filme. Men erfaringsmessig vet jeg at dette kan endre seg. Vi skal ikke fly på en slik måte at pattedyr og fugler blir skremt. Filmingen fra drone gjøres for å sette områdene i et perspektiv. Vi er også klar over at større rovfugler kan oppfatte drona som en trussel og angripe. Derfor flyr vi ikke hvis vi observerer større rovfugler i området. For ordens skyld. Vi har alle nødvendige tillatelser fra luftfartstilsynet for å fly drone og fra nasjonal sikkerhetsmyndighet for å kunne filme fra lufta.»*

I prosjektskildring av «Elva» står m.a.:

*«-En reise oppover "Norges Nilen" for å finne det ukjente.*

*En tv/nett serie på 6 episoder a 40 minutter som skal vises på NRK i februar og mars 2018. Opptaksperioden er fra mars 2016 til oktober 2017.*

*For lenge siden oppdaget de første menneskene de store elvene på Østlandet. Vi skal gjenoppleve Glomma med Gudbrandsdalslågen for det norske folk. Bli med på leting etter naturens egne historier fra havet ved Fredrikstad til kildene i fjellene sør for Geiranger, og viddene nordøst for Røros, mer enn 600 km fra munningen.*

*Vårflommen passerer bybrua i Fredrikstad. Sytti tankbiler i sekundet året rundt med livgivende dråper. Uten dette vannet ville Norge mistet en tredjedel av sine avlinger, nesten halvparten av landets skoger ville tørket inn, og nesten to millioner nordmenn ville bodd i en ørken. Glomma med Gudbrandsdalslågen er virkelig Norges svar på Nilen. - - -*

*Vi reiser oppstrøms for å komme livet i møte.*

*Planter, insekter, fisk, amfibier, fugler og pattedyr. En reise oppover "Norges Nilen" inneholder mye.»*

Det er bedt om tilleggsopplysningar om omfang m.m., og det blir vist til at det er behov for ca. 6 dagar med drone (1,5-2,0 t flyging pr. dag, med liten drone på 2 kg).

Det vil også vera vèravhengig, og av og til kan det dukke opp betre eller mindre ressurskrevjande "historiar" i prosessen. Behov for endringer vil bli varsla.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.*»

Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

*«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparker, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Våren 2016 har Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avsege to søknadar om bruk av drone i Hurrungane, der formålet var filming av skiaktivitet og topptur. Hurrungane er eit sårbart område som i forvaltningsplanen er vist som «vernesone», der ein legg vekt på det enkle friluftslivet med liten grad av tilrettelegging og uroing. Filming av fritidsaktivitetar vil i tillegg skape uheldig presedens, da det er svært mange

potensielle søkjarar som kan ønskje tilsvarende løyve. Samla belastning kan dermed bli svært høg for slike saker, og såleis i konflikt med naturmangfaldlova § 10. Det vil i liten grad skape presedens om ein opnar for profesjonell naturdokumentarfilming for brei formidling til allmenta, da det her er langt færre potensielle aktørar.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet er formålet produksjon av naturfilm, og planlagde opptaksområde er ikkje blant dei mest sårbare i høve til dyreliv.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor unngå område og tider med stor utfart, og det kan såleis vera naturleg å prøve å unngå flyging på helg. Vidare må det visast respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Gjende og Galdhøpiggen er i forvaltningsplanen vist som «brukssoner»; *Teig 6: Gjende aust-/Besseggen-/Besshø-området* og *Teig 7: Galdhøpiggen-området*. Om desse sonene står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre å gje isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i områda rundt Gjende og Galdhøpiggen, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har bra oversikt på hekkelokalitetar for sårbare rovfuglar i austre del av Jotunheimen. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant.

§ 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

## **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein på grunn av tiltakets karakter tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Naturfilming i desse områda vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Eit naturprogram knytt til vassdraga kan gje auka kunnskap om verneområdet, og eit populærvitskapleg program som dette kan bidra til ei meir bevisst haldning til naturen og verneverdiane blant publikum. Filminga vil truleg ha ein viss marknadsføringseffekt, og dette kan vera positivt for det naturbaserte reiselivet i området.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2016/4009-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	9/2016	10.06.2016

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Søknad om tillatelse til droneflyging Galdhøpiggen - Leif Kåre Lysåker

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt 7.2, avslår Arbeidsutvalet for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad frå Leif Kåre Lysåker om dispensasjon for bruk av drone til filming av ungdomstur på Galdhøpiggen laurdag 18. juni 2016.

Tiltaket blir ikkje vurdert å oppfylle vilkåra sett i naturmangfaldlovas § 48 om at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som *«ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Galdhøpiggen er eit mykje nytta friluftsområde, og omfanget av denne typen søknader vil truleg bli svært høgt om ein først opnar for privat fritidsfilming innan nasjonalparken. Ein dispensasjon vil i dette tilfellet skape uheldig presedens, og vil gje uønskt aktivitet i eit verneområde der formålsparagrafen i verneforskrifta framhevar at *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»* Dersom ein opnar for enkeltsaker med dispensasjon frå verneforskrifta for denne typen formål, vil det skape uheldig presedens og på sikt føre til ei utholing av verneforskrifta.

Filming av fritidsaktivitetar med drone kan heller ikkje karakteriserast som tiltak av stor samfunnsmessig verdi, jf. krava i nml § 48. Dispensasjon for bruk av drone for filming innan nasjonalparken kan berre gjevast for formål av stor allmenn interesse og nytteverdi, og avgrensingar vil bli nedfelt i forvaltningsplanen som nå er under revisjon.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad om bruk av drone ved e-post 8. juni 2016 frå Leif Kåre Lysåker

Ungdomsprest Leif Kåre Lysåker i OKS Romerikskirken søker om å få bruke drone i Galdhøpiggområdet for filming av ein tur 18. juni. I søknaden står m.a.:

*«Lørdag 18. juni gjennomfører vi en ekspedisjon til Galdhøpiggen med 50 av våre ungdommer fra Juvasshytta, hvor vi ønsker å bruke en drone til å dokumentere turen.*

*Dette er en drone av typen «DJI Phantom 3 Advanced», som er en topp moderne, stillegående og liten drone.*

*Vi ønsker å bruke dronen på følgende tidspunkt:*

*#1 Sekvens på vei oppover fra juvasshytta (på starten av ekspedisjonen)  
Lørdag 18. juni kl 09.30*

*#2 Sekvens i pausen før bre-kryssingen (halvveis på ekspedisjonen)  
Lørdag 18. juni ca kl 11.00*

*#3 Sekvens på toppen (ved ekspedisjonens mål)  
Lørdag 18. juni ca kl 13.00*

*Flytiden er estimert til 5 minutter for hver sekvens, og en samlet flytid på ca 15 minutter.*

*Dronens totale batteri-kapasitet er 20 minutter effektiv flyvning, og påvirkes også negativt av kulde og turbulente forhold i vind. Det vil uansett ikke være mulig for oss å fly noe lenger enn dette.*

*Det er også naturligvis vær-forbehold for å gjennomføre flyvning.*

*Filmklippene er ment til å bli brukt internt, og til intern markedsføring for senere ulike ekspedisjoner.*

*Jeg forstår igjennom nyhetsoppslag – samt sunn fornuft, at det er strenge restriksjoner på denne type bruk av droner i området, og søker derfor herved om tillatelse til å gjennomføre flyvningen.*

*Dersom 15 minutter total flytid er for lenge, mye eller problematisk å godkjenne, er det ikke noe problem for oss å filme færre enn de 3 planlagte sekvensene, men håper selvfølgelig på positiv respons til å gjennomføre de planlagte sekvensene.»*

Sekvens nr 1 er utanfor nasjonalparkgrensa og krev ikkje behandling etter verneforskrifta. Vidare vurdering gjeld derfor sekvens 2 og 3, som er søknadspliktige.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da denne lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48, første ledd, set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.» Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra knytt til verneverdiar isolert sett kan vera oppfylt, da ein også må gjera ei samla vurdering av presedens og om ein dispensasjon slik sett vil bidra til å uthole vernevedtaket. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette enkelthendingar eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Privat filming av turar er ikkje å rekne som tiltak av stor samfunnsmessig verdi.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

*«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *-----*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd. Bruk av «modellfly og liknande» kom først inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så modellfly eller liknande farkostar, som t.d. dronar, er ikkje omtala i forvaltningsplandokumentet frå 2008.

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparkar, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.



Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte kan likevel filming for marknadsføring kunne gje negativ effekt, ved at sårbare område blir utsett for forstyrringar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året.

For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein også ta ei overordna vurdering av samla påverknad, framfor å gje enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

Dette er tredje søknad om bruk av drone for filming av fritidsaktivitetar i Jotunheimen i løpet av nokre få veker, og vi har i tillegg fått kjennskap til minst to tilfelle med flyging utan at det er innhenta løyve på førehand. Dette viser at ein må rekne med eit stort tal likande søknader dersom ein først opnar for privat filming av turar med drone.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i ein nasjonalpark. Det har allereie kome meldingar frå enkeltpersonar som kjenner seg overvaka eller blir ufriviljug filma når andre privatpersonar nyttar drone i nærleiken. Opning for ein ny aktivitet som dette, vil også bidra til uheldig presedens ved at det truleg vil vera svært mange vil ønskje å bruke drone til filming av turar innan nasjonalparken. Dette vil uthole vernereglane.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt når det gjeld biologisk mangfald i området, men ein manglar sikker kunnskap når det gjeld bruk av dronar og eventuelle effektar av bruken i høve til sårbare artar som rovfugl. Dronefilminga isolert sett har kanskje ikkje vesentlege negative effektar på verneverdiane ut over den påverknaden som dete området allereie er utsett for pga. høg aktivitet og stor ferdsel knytt til høgaste toppen i Norge. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) og ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) kan ein likevel ikkje tilrå å opne for enkeltløyve der ein ser at det heilt klart vil koma mange søknader av liknande karakter. Dette vil uthole innhaldet av vernet. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken må derfor avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og bør ikkje tillatast for rein privat bruk som filming av grupper eller enkeltpersonar og vennegjengar på tur. Temaet vil bli nærare drøfta ved revisjon av forvaltningsplanen. Naturmangfaldlovas §§ 11 og 12 blir ikkje vurdert som relevante, når ein ikkje kan sjå at formålet oppfyller vilkåra sett i naturmangfaldlova § 48.

## **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein ikkje tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande når formålet berre er filming av ein tur i privat regi. Vilkåra i naturmangfaldlovas § 48 er her ikkje til stades, og det er ikkje grunnlag for å gjera unntak frå verneforskrifta når sannsynet for mange liknande søknader er så stort at det på sikt vil uthole vernereglane.

Bruk av dronar i samband med nytteformål som ulike kartleggingar eller dokumentasjon kan bli vurdert annleis enn reine fritidsaktivitetar, med filming av turar som i hovudsak er av interesse for deltakarane sjølve. Det vil bli arbeidd vidare med avgrensingar mellom dei ulike formåla, gjennom forvaltningsplanen som nå er under revisjon.